

Paul Harris til Solbjørg Pilskog



Seremonimeister Elias Sellevoll har nettopp overrekket misjonær Solbjørg Pilskog Paul Harris Fellow-utmerkinga, og hovudpersonen sjølv er overvelda.

ANNE GRY EILERTSEN

Ho har aldri drøymt om å kome på line med Wenche Foss, Tor Heyerdahl og Anne Kath. Vestly. Men då Hareid Rotary Klubb overraska Solbjørg Pilskog med Paul Harris-utmerkinga, vart ho plassert der.

Misjonær og sjukepleiar Solbjørg Pilskog trudde ho var invitert til måndagsmøtet i Hareid Rotary Klubb for å snakke om forholda i Kamerun. Iført ei ny afrikansk



Sollbjørg Pilskog stilte i drakta til organisasjonen "Kvinner for Kristus" då ho måndag kom til Hareid Rotary Klubb for å fortelje om arbeidet sitt i Kamerun.

drakt som organisasjonen "Kvinner for Kristus" har fått laga seg, hadde ho tenkt ut kva ho ville fortelje om frå misjonsstasjonen i Kamerun.

Men det gjekk ikkje akkurat slik ho hadde tenkt.

At noko ekstra var i emning skjønna kanskje forsamlinga då president Ingar Bigset sa nokre setningar om at noko av det viktigaste arbeidet Rotary gjer er å kjempe mot poliomyelitten. Og at sidan Rotary feirar 100 år i år, var det naturleg å invitere Solbjørg Pilskog til eit møte i den lokale klubben på Hareid.

– Prisen er tenkt til akkurat slike som deg

Så slapp president Ingar Bigset nyheden:

– Vi vil tildele deg den høgaste utmerkinga som Rotary har, Paul Harris Fellow. Ein pris klubben kan dele ut etter å ha betalt inn 1000 dollar til Rotary Foundation, fondet som er rygggrada i Rotary for å løyse dei sosiale og humanitære oppgåvene som Rotary International tek på seg. Eg trur denne prisen er tenkt til akkurat slike som deg.

Frå 1974-76 var Solbjørg ansvarleg for poliklinikken i Gadjwan. Då ho kom dit, vart det registrert ca. 200 spedalske, men etter behandling med medisn krympa talet til 6-7. Som den første i distriktet sett ho i gang eit stort vaksinasjonsprogram for born, mot kikehoste, polio, difteri og meslingar. I dette distriktet er det lenge sidan dei har vore plaga med desse barnesjukdomane.

– Eg kan nesten ikkje tru det, utbraut Solbjørg Pilskog då seremonimeister Elias Sellevoll overrekte henne Paul Harris Fellow. På landsbasis er det 160 ikkje-medlemmer i Rotary som har fått same utmerkinga, og Pilskog synest ikkje at ho har gjort ein innsats på line med til dømes Thor Heyerdahl, Wenche Foss og Jo Ben-

kow.

– Men eg takkar sa mykje, understreka ho.

Lever halve året i Kamerun

Solbjørg Pilskog vart pensjonist i 1994, men oppheld seg likevel i Kamerun vinterhalvåret. Mot å arbeide får ho låne både hus og bil av Det norske Misjons-selskap.

– Så lenge eg held meg frisk vil eg halde fram med å reise til Kamerun vintertida. Men eg tek ein dag om gongen, seier Solbjørg, som blir 75 år til hausten.

Dersom ho dør i Kamerun har ho sagt til familien at ho vil bli gravlagd der. Men skulle ho bli sjuk, vil ho heim til Noreg.

– Så lenge eg kan vere til hjelp i Gadjwan vil eg gjerne vere der, forklarar ho.

Større skilnad mellom fattige og rike

Men sjølv om polio, meslingar og kikhoste er nærast utrydda i området, er det andre problem som trugar. Mellom anna har skilnaden mellom fattige og rike blitt større sidan 1961.

– I byane finst det rike folk som har både TV og flotte bilar, men ute på landsbygda slit mange like mykje og endå meir enn før, fortel ho.

Vaksinasjonsprogrammet har også ført til at folketallet har auka kraftig. Då Solbjørg kom til Kamerun i 1961 var der 3 millionar innbyggjarar, i dag er det på 16 millionar.

– Rett-truande muslimar kan ofte ha fire koner, og 12 born med kvar av dei. Når talet på barnedød også har gått ned, seier det seg sjølv at innbyggjartalet aukar, forklarar Solbjørg.

I stilheit brukar ho å nytte sjansen til å opplyse kvinnene om prevensjon, og ho veit at det er enkelte som lurar seg til å nytte seg av slike hjelpemiddel.

– Eg informerer dei også om HIV og Aids. Rett-truande muslimar meiner at medan kvinnene deira ammar, kan dei gå til andre kvinner. Då kan konene bli smitta når ammeperioden er over, fortel Solfrid, som også har engasjert seg i kampanjar mot HIV og Aids.

No skal ho nytte sommaren i Noreg. Men når oktober kjem, blir det ny tur til Kamerun. Viss helsa og Gud vil.

Fakta

Solbjørg Pilskog

Fødd i Hjørungavåg i 1930.

Utdanna sjukepleiar.

Misjonskule for kvinner 1959-60

Franskstudium i Paris i 1960

Reiste til Kamerun i 1961

61-65: Sjukepleiar ved sjukehuset i Ngaoundere. 200 innlagde og 100 polikliniske. Hadde ansvaret for narkose og røntgen. I neste periode arbeidde ho ved spedalskekolonien i Ngaobela. Ansvaret for 50 spedalske. Seinare har ho hatt ansvaret for sjukestove og fødestove. Jordmor-skule i Noreg i 65-67.

67-71: Ansvarleg for barneheim på Meng i Tibati. 30 småborn.

1973: Fullførte helsesøsterskolen i Oslo.

1974-76: Ansvarleg for poliklinikk i Gadjwan, inklusiv sjukestove og fødestove.

1979-88: For det meste i Gadjwan, berre med korte ferieturar i Noreg.

Solbjørg Pilskog har fått både Kulturprisen i Hareid, og Kongens Fortjenestemedalje.